



Tiltak frå Barne- og familietenesta;

PPT, tiltaksteam, jordmor, helsestasjon og skulehelsetenesta

Førebyggjande helsearbeid i skulen

NAMN PÅ TILTAKET: Skulehelsetenesta på den enkelte skule	GJELD NIVÅ: 0-3
Aktuell aldersgruppe: 5-20 år	
Omfang: Skulehelsetenesta skal i samarbeid med personalet ved skulen, elevar, foreldre og andre samarbeidspartar skape ein helsefremjande skule gjennom å fremje eit godt lærings- og arbeidsmiljø med omsyn til helse, trivsel og sikring. Tiltaka gjeld heile skulemiljøet -fysisk og psyko-sosialt, innandørs og utandørs.	Kontaktperson i tenesta: Helsesøster ved din skule Leiande Helsesøster Liv Turid Steinsbø Halbmayr Tel: 53 42 33 35 Mob: 414 32 210 E-post: lhr@bomlo.kommune.no Fagansvarleg i skulehelsetenesta Anette A. Kallevåg Mob: 476 39 435 E-post: anette.kallevag@bomlo.kommune.no
Omtale av tiltaket: <ul style="list-style-type: none">• Vaksinasjon• Individuelle samtalar i 3. og 8. Klasse og ev oppfølgingsamtalar 3- 6 gonger• Undersøking førskulebarn som skal starte på skulen• Jente- og guttegruppe «pubertet» 5. og 6. klasse• Seminar « ungdom og seksualitet » 9. klasse• «overgong ungdomsskulen» 7. klasse• PIS grupper• Psykologisk fyrstehjelp i grupper og individuelt• Delta og følgje opp ansvarsgrupper der helsesøster er koordinator• Individuell oppfølging av enkeltelevar knytt til psykisk og fysisk helse	



NAMN PÅ TILTAKET: PIS-Grupper	GJELD NIVÅ: 1
Aktuell aldersgruppe: 6-16 år	
Omfang: Samtalegruppe for elevar som har skilte foreldre/to heimar 6 gonger - 1 gong pr veke i skuletida	Kontaktperson i tenesta: Helsesøster ved skulen barnet / ungdommen går Psykisk helsearbeidar i skulehelsetenesta Øyvind Marsteen Mob: 926 66 868 E-post: Oyvind.marsteen@bomlo.kommune.no
Omtale av tiltaket: PIS er eit førebyggjande hjelpetiltak for barn og ungdom i ein sårbar situasjon. Erfaring med slike samtalegrupper er at det er hjelp til sjølvhjelp - og hjelp til meistring. I samfunnet i dag er skilsmisse så vanleg at det er ei reell fare for at skilsmisse blir normalisert. Då kan me også fortrenge barna og ungdommen sine opplevingar. Skilsmisse er rett og slett vanleg, men vondt. Gruppene er tenkt som ei støtte og tilbod til barn, ungdom og foreldre i ein situasjon som kan vere vanskeleg for alle partar. Mange foreldre bekymrar seg i periodar under og etter skilsmissen for at dei ikkje har nok overskot til å ivareta barna sine behov for samtalar, trøyst og omsorg. Gjennom samvær med andre barn eller ungdom får dei hjelp til å få orden på tankar og følelsar omkring skilsmissen, uavhengig av om dette er lenge sidan. Det er viktig at barna kan kome fram til ei historie om skilsmissen som alle i familien kan leve med, og som gir meining og håp. Gruppene skal vere ein fristad, kor barna slepp å vere bunden av lojalitetsomsyn.	



NAMN PÅ TILTAKET: Helsestasjon for ungdom	GJELD NIVÅ: 1-3
Aktuell aldersgruppe: 13-23 år	
Omfang: Drop-in tilbod Ope kvar onsdag mellom 16.00 og 18.00 (NB! Stengt når skulane har fri) Stad: I kjellaren på Legesenteret på Svortland (inngang rundt hjørnet)	Kontaktperson i tenesta: Jormor Sofie Nesse Tel: 53 42 33 38 E-post: Sofie.nesse@bomlo.kommune.no Leiande Helsesøster Leiande helsesøster Liv Turid Steinsbø Halbmayr Tel: 53 42 33 35 Mob: 414 32 210 E-post: lhr@bomlo.kommune.no
Omtale av tiltaket: På Helsestasjon for ungdom møter du helsepersonell som du kan snakka med om emne som opptek deg. Tilbodet er gratis for ungdom opp til 25 år. Inga timebestilling. Det vil alltid vera jordmor/helsesøster og lege tilstades, i tillegg til psykolog eller psykisk helsearbeidar. HUSK: me har teieplikt! Helsestasjonen er ein stad der ein kan snakka om ulike tema som: <ul style="list-style-type: none">- Spørsmål om kroppen- Er du trist eller einsam- Rus og rusmisbruk, røyk og snus.- Seksualitet generelt- Parforhold- Vonde opplevingar, til dømes seksuelt misbruk, vald, dødsfall/sjukdom, samlivsbrot eller konflikhtar i familien.- Problem på skulen og heime- Slanking og spiseforstyrning- Menstruasjon- Homofili- Graviditet Kontakt oss dersom du treng: <ul style="list-style-type: none">- Vanleg legeundersøking på grunn av sjukdom, plager - t.d. sår hals, utslett, smerter o.l.- Tilvising til andre instansar i helsevesenet- Prevensjonsrettlegg og prevensjon- Prøvar - om du har kjønnsjukdomar	



Førebyggjande barnevern i skulen

NAMN PÅ TILTAKET: Den nødvendige samtalen - Førebyggjande barnevern	GJELD NIVÅ: 1
Aktuell aldersgruppe: Barn 0-18 år	
Omfang: Veiledning og delta i samtale saman med skulen	Kontaktperson i tenesta: Trine Hjertholm, Tel: 90 88 09 58 E-post: thj@stord.kommune.no
Omtale av tiltaket: Gjennomføre samtale med føresette seinast 4 veker etter at uro er oppstått, saman med helsesøster eller barnehagepedagog Tydeleggjere uro for barn / foreldre og sjekke ut uro saman med barn og foreldre. Invitere foreldre til samarbeid for å bli einige om tiltak. Foreldre og barn er alltid ein del av løysinga. Sikre samtykke til ev å opprette stafettlogg, søkje rettleiing til samtalen.	

Førebyggjande spesialpedagogisk arbeid i skulen - system og individ

NAMN PÅ TILTAKET: Veiledning i førtilvisingsfasen PPT	GJELD NIVÅ: 1
Aktuell aldersgruppe: 6-16 år	
Omfang: Veilede barnehagetilsette og foreldre i bekymringsfasen.	Kontaktperson i tenesta: Bente H Bergtun Tel: 53 42 32 24 Mob: 951 13 278 E-post: Bente.hovland.bergtun@bomlo.kommune.no
Omtale av tiltaket: Vere kontaktperson for PPT ute på skulane. Ansvar for å veilede lærarar i høve førtilvisingssaker til PPT både på individ og system jf Opplæringslova og Veileder Spesialundervisning : Saksgangen for spesialundervisning kan deles opp i seks faser Fase 1 : Bekymringsfasen (modell s 19 i veiledaren) www.udir.no	



Førebyggjande tiltak I Barne og Familietenesta - (nivå 2) i Stafettpinnemodellen

NAMN PÅ TILTAKET: COS Foreldrerettleiingsprogram	GJELD NIVÅ: 2-3
Aktuell aldersgruppe: 0-12 år	
Omfang: I gruppe: 8 gonger à 2 t., tysdagar frå 17:00- 19.00 i Bømløhallen eller Individuelt : 8 gonger à 1 time på dagtid.	Kontaktperson i tenesta: Miriam Johannesen Mob: 489 99 965 rmj@bomlo.kommune.no
Omtale av tiltaket: COS-P er eit foreldreveiledningsprogram med ei målsetjing om å fremja trygg tilknytning mellom foreldre og barn. Trygg tilknytning styrkjer barn og er ein viktig beskyttelsefaktor. Barn har bruk for trygge vaksne for å kunne utvikla seg på ein positiv måte. COS-P kurs skal støtta foreldre eller dei som jobbar med barn , til å forstå kvifor barn oppfører seg slik dei gjer, kva behov dei har og korleis dei kan møte behova på ein omsorgsfull og utviklingsstøttande måte. I COS er den følelsesmessige og reflekterande delen av programmet viktigare enn å læra foreldrene teknikkar på korleis dei taklar barn si åtferd. Cos legg vekt på at alle foreldre har sine kampar og ting ein strevar med. Det vert jobba med refleksjon om kva dette egentleg handlar om, og på denne måten vert du som omsorgsgjevar gitt fleire val på korleis du ynskjer å løysa utfordringane. <ul style="list-style-type: none">• Observera, tolka og møte barnet sitt behov• Hjelpa barnet å regulera eigne følelsar• Handtera situasjonar der barnet oppfører seg utfordrande• Takla eigen frustrasjon i møte med barnet	



NAMN PÅ TILTAKET: PMTO foreldrerådgeving	GJELD NIVÅ: 2-3
Aktuell aldersgruppe: Tilbod til familiar med barn i alderen 3-12 år som viser teikn til byrjande åtferdsvanskar.	
Omfang: Samtalar med ein foreldrerådgjevar ein gong pr. veke. 3-6 møter pr. familie.	Kontaktperson i tenesta: Ingrid Eskeland: 90196898 eller 53423227 Ingrid.eskeland@bomlo.kommune.no Tina Olsen: 94171130 eller 53423211 Tina.olsen@bomlo.kommune.no
Omtale av tiltaket: Foreldrerådgevinga tek sikte på å hjelpe familien på eit så tidleg tidspunkt som mogeleg. Gjennom rådgevingssamtalar og rettleiing kan foreldre få hjelp til å førebyggje byrjande åtferdsvanskar og bidra til ein positiv utvikling hjå barnet. Begge foreldra bør delta om dei bur i lag. Eventuelle steforeldre som bur i lag med barnet kan alternativt delta. Eksempel på tema i rådgevingssamtalen er: samarbeid og gode beskjedar, grensesetjing, problemløysing knytt opp mot daglege utfordringar i familien, tilsyn og oppfølging, læring av nye ferdigheter gjennom systematisk bruk av ros og oppmuntring.	

NAMN PÅ TILTAKET: PMTO Behandling	GJELD NIVÅ: 2
Aktuell aldersgruppe: Barn 3-12 år	
Omfang: Vekentlege møter 15-30 med foreldre a 1 time. Barnet vert involvert i timen eller ved heimebesøk dersom det er trong for det.	Kontaktperson i tenesta: Ingrid Eskeland: 90196898 eller 53423227 Ingrid.eskeland@bomlo.kommune.no Tina Olsen: 94171130 eller 53423211 Tina.olsen@bomlo.kommune.no
Omtale av tiltaket: Foreldra får hjelp til å erstatte uhensiktsmessige strategiar med sentrale foreldreferdigheter som styrker den positive samhandlinga og relasjonen mellom foreldrene og barnet. Det benyttes samtaler om de ulike temaene kombinert med modellering, øvelser, refleksjoner og heimeoppgaver.	



NAMN PÅ TILTAKET: PMTO Konsultasjon tilsette i skule og barnehage	GJELD NIVÅ: 2-3
Aktuell aldersgruppe: 3-12 år	
Omfang: Vekentlege møter med lærarar 6-8 gonger à 1,5 time.	Kontaktperson i tenesta: Ingrid Eskeland: 90196898 eller 53423227 Ingrid.eskeland@bomlo.kommune.no Tina Olsen: 94171130 eller 53423211 Tina.olsen@bomlo.kommune.no
Omtale av tiltaket: Tilsette i skulen som arbeider direkte med barn som har åtferdsvanskar eller er i risiko for å utvikle åtferdsvanskar. Ofte vert tiltaket sett i verk når ein eller fleire elevar i klassen har foreldrerådgeving eller behandling, men er ikkje ein absolutt føresetnad.	

NAMN PÅ TILTAKET: Støtte og oppfølging av ungdom i særskilt risiko (LOS modellen)	GJELD NIVÅ: 2-3
Aktuell aldersgruppe: 14-23 år	
Omfang: Tett på over tid (etter behov)	Kontaktperson i tenesta: Elisabeth Bakke Mob: 402 27 538 E-post: Elisabeth.bakke@bomlo.kommune.no Gro Marita Våge Tulloch Mob: 468 92 130 E-post: gmv@bomlo.kommune.no
Omtale av tiltaket: Tiltaket er retta mot ungdom i alderen 14 - 23 år som står utanfor, eller står i fare for å havne utanfor, skule og arbeid. Innsatsen er særleg retta mot ungdom der høgt skulefråvær eller manglande tilknytning til skulen har samanheng med utfordringar som for eksempel: <ul style="list-style-type: none">• manglande omsorg, støtte og oppfølging frå foreldre• manglande nettverk, mobbing og sosial isolasjon• helseproblem i form av rusmisbruk, psykiske vansker og nedsatt funksjonsevne	



NAMN PÅ TILTAKET: Rettleiing Marte Meo	GJELD NIVÅ: 2-3
Aktuell aldersgruppe: 0-9 år	
Omfang: I utgangspunktet 5 gonger a 45 min. Tilpassa det enkelte barn	Kontaktperson i tenesta: Miriam Johannesen mobil 48999965 rmj@bomlo.kommune.no
Omtale av tiltaket: Marte Meo er ein kommunikasjons- og relasjonsorientert veilednings- og behandlingsmetode. Den går ut på å bruka videoanalyse av samspel mellom barn og omsorgspersonar som terapeutisk for å sjå barnet på nye måtar og hjelp til å reflektera over kva støtte som kan hjelpa barnet til betre meistring og utvikling. Det terapeutiske arbeidet med Marte Meo -metoden er å etablera eller re-etablera utviklingsstøttande dialogar mellom barnet eller omsorgspersonane.	

NAMN PÅ TILTAKET: Leiketerapi	GJELD NIVÅ: 2-3
Aktuell aldersgruppe: 3 - 11 år	
Omfang: 4- 12 gonger	Kontaktperson i tenesta: Miriam Johannesen mobil 48999965 rmj@bomlo.kommune.no
Omtale av tiltaket: Leik i seg sjølv er terapeutisk arbeid og utviklingsstyrkande. Leiken ” som om” kvalitet gir rom for å uttrykka tankar, følelsar og fantasiar som direkte kan vera vanskeleg å gje uttrykk for. Leiken er mindre angstskapande for barn; det gir ei trygg ramme for å leika seg med både positive og negative følelsar. Terapeuten si oppgåve som leikepartner er å hjelpa barnet til å uttrykka og regulera følelsar. Terapeuten må bruka god tid p å få fatt i barnet sin opplevelse og uttrykk, og prøva å forstå barnet gjennom leiken. Fordel at tema for leiken kjem gjennom barnet sjølv. Det er avgjerande for positiv utvikling at terapeuten legg vekk eit kvart ynskje om å påvirka tilstanden barnet er i og i staden berre delta i hans pågåande subjektive erfaring. Å dela og vera tilstades i barnet sine følelsar gjer at barnet allerede i det opplever regulering av følelsar. Å fylgja barnet sitt oppmerksomhetsfokus er første trinn i intersubjektiv deling. Bruk av terapeutiske historier kan bli nytta i tillegg til leiketerapien. Tilbodet er gratis.	